
Egil Nestande har drive orientering sidan han gjekk på befalsskulen i 1959. Hans første møte med denne idretten var i terrenget rundt Ulven Leir i Os, der det faktisk var eit o-kart i fargar på den tida. Etter at han kom til Førde i 1969 gjekk det ikkje lenge før han vart ein trufast medlem i FIL Orientering, der han mellom anna har vore leiar i to periodar.



Egil har og hatt fleire verv i Sogn og Fjordane Orienteringskrins, og var i åra 1983-1989 krinsleiar. Han engasjerte seg tidleg i kartarbeid og teikna fleire kart på «*gamle måten*». Dei seinare åra har han arbeidt mykje med å digitalisere, re-synfare og oppdatere våre tidlegare kart i papirformat. Han har gjennom mange år vore uformell redaktør av O-posten, har vore aktiv med å oppdatere vår nettside, og er også den som oppretta vår Facebook-side. Gjennom snart 20 år har han styrt økonomien til nye høgder som kasserar i gruppa. Han har også tatt ansvar som «*lagerleiar*», og syter både for orden og vedlikehald av utstyret på lageret vårt i FIL-huset.